



Kling no, klokka! Ring og lokka, ring og lokka frå tusen tårn! Tona om frelsa!

Kalla og helsa, kalla og helsa med fred Guds born! Kling no, klokka! Ring og lokka, ring og lokka frå tusen tårn! (NS nr 65)

Nr. 4

66. årgang

Jula 2025



Lukas 2: ¹ I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. ² Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. ³ Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. ⁴ Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt ⁵ og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. ⁶ Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, ⁷ og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. ⁸ Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over

flokken sin om natta. ⁹ Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. ¹⁰ Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. ¹¹ I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren. ¹² Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» ¹³ Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: ¹⁴ «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» ¹⁵ Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren

har kunngjort for oss.» ¹⁶ Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. ¹⁷ Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. ¹⁸ Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. ¹⁹ Men Maria goymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. ²⁰ Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Eg vil tru mange kjenner att setningane og handlinga i juleevangeliet frå Lukas 2 i Bibelen. Kanskje har du sjølv vore engel, hyrding eller esel i julespelet på skulen eller i kyrkja. Det kan godt være dette er ei av dei mest framførte forteljingane me har gjennom tidene, for dette stykket vert sett opp over heile verda, kvar jul, og med nye håpefulle skodespelarar kvart år.

Og mange får delta i dei ulike rollene som esel, engel eller som Jesu mor. Like mange deltek bak scena med kostymer, øving på songar og replikkar. Her er mange i sving!

Andakten i år skal handle om nettopp å kunne delta. Det ligg langt inne i oss menneske å få lov å delta. Bidra. Høyre til. Alle samfunn byggjer på dette. På felleskap. Det greske ordet oikos kan omsetjast til norsk både med felleskap, hus og kyrkje og stadfester det same poenget; me høyrer til saman med kvarandre, og det er grunnleggjande for alle å kunne både bidra og delta. Eg vel dette tema til juleandakten fordi desse dagane i desember

som me kallar jul, kan for mange opplevast så altfor tunge for den som ikkje blir invitert på julelogg, som ikkje har ei rolle i julespelet, eller som ikkje har nokon å gå på julekonsert saman med, og som endar opp med å tenke at «ingen treng meg», «ingen liker meg».

Å få lov å bidra for kvarandre er av stor verdi og heldigvis er det verken dyrt eller vanskelig. Me kan alle gjere ein positiv forskjell for eit anna menneske.

Eg har mange gonger tenkt om forteljinga frå Lukas 2 om Josef og Maria og Jesusbarnet som vart fødd, at gjetarane hadde ei sentral rolle. Kven var dei? Gjetarar hadde omtrent ikkje status i samfunnet på denne tida. Ja, eg ser føre meg småkriminelle menn, uvaska og utan fast bustad eller inntekt. Det er altså desse som blir rekna med. Dei fekk delta, og dei tok oppdraget på strak arm. Først fekk dei sjå og høyre engelen kunngjere kva som hadde skjedd i Betlehem, så tok dei beina fatt for å sjå sjølv, så fortalde dei Maria og Josef kva som var sagt om dette barnet. Lat det være til oppmuntring at Gud treng og bruker oss alle til små eller store konkrete oppdrag, både til jul og alle dei andre dagane.

God og gledelig jul, alle!

Ingebjörg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord
kristin@bakkelajord.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen
solbjorg_kvalshaugen@icloud.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryssset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 907266

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongstien
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Soknerådsleiar: Marianne Riste
marianneriste@hotmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale
aud.kvale@gmail.com
Kontonr. Øye kyrkje: 2146.40.24368
Vipps 118656

Kontonr. Øye stavkyrkje: 2146.56.25233

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjörg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret

Kontortelefon: 476 30 405
e-post: post.vangivaldres@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
e-post: sh466@kirken.no
Kontormedarbeidar: Silje Marie Olimb
e-post: so558@kirken.no

Kyrkjelydspedagog Anne Mette Thoresen
Tlf: 467 53 905
e-post: at343@kirken.no

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen

Organist i alle kyrkjer:

Kateryna Persysta
Mob. 46247658
e-post: kp427@kirken.no

Redaksjonen vart avslutta 6. desember. Neste menighetsblad utkjem veke 11, frist for innsending av tekst og bilete er 26. februar 2026. Bidrag sendast på epost til vangmenighetsblad@gmail.com. Framsidebilete: Thor Østbye: Høre stavkyrkje i blåtimen

Julehøgtida nærmar seg nok ein gong, og det ser ut til at det vert ei kvit jul, sjølv om snøen har latt vente på seg. Det er planlagt mange flotte arrangement i desember, som me håper at bygdefolket får stor glede av.

Me ynskjer å minne dykk om å ta ein tur innom kyrkjegardane i etterkant av høgtida, for å fjerne gamle gravlys og liknande, slik at dette ikkje blir drege utover av vær og vind og fuglar utover nyåret.

Nyt denne flotte tida på året, der me kanskje er flinkare enn elles til å stoppe opp litt, for å ta vare på tradisjonane og dei rundt oss.

Med ynskje om ei magisk og fredeleg julehøgtid

– frå Silje



Julehelsing frå ordføraren i Vang

Kjære innbyggjarar i Vang

Når mørketida legg seg over bygda vår, og snøen ligg på tak og tre, kjem jolestemninga sigande inn i heimane våre. Det er ei tid for ettertanke, fellesskap og tradisjonar – gamle som nye.

I Vang har me sterke røter. Me pyntar med kristneteppe og handkleflettingar, syng jolesongar som har gått i arv, og samlast rundt bordet med mat laga frå lokale råvarer og gode oppskrifter. Samstundes ser me korleis dei unge i bygda skapar sine eigne tradisjonar. Det er ei glede å sjå korleis generasjonane møtest og lærer av kvarandre.

Jola minner oss om det som er viktigast: å høyre til, å vere ein del av noko større enn oss sjølve. I ei tid der verda er prega av uro – med krig, klimautfordringar og økonomisk usikkerheit – er det ekstra viktig å halde fast ved det som gir oss tryggleik og håp. Her i Vang har me noko heilt spesielt: eit fellesskap der folk bryr seg, natur som gir ro, og ei historie som bind oss saman.

Me ser det kvar dag – i frivillige som stiller opp, i naboar som hjelper kvarandre, og i barnelatter som kling over skuleplassen. Det er desse små, men viktige, augneblinka som byggjer bygda vår sterk.

La oss bruke jola til å ta vare på kvarandre. Kanskje ringe ein nabo, invitere nokon som sit åleine, eller berre dele eit smil på butikken. Dei små handlingane betyr mykje – og dei skapar varme som varer langt inn i det nye året.



Foto: Torbjørn Moen/ Avisa Valdres

Eg vil takke kvar og ein av dykk for innsatsen de gjer – i frivilligheita, i arbeidslivet, i familiane og i bygdelivet. Vang er ein kommune med hjarte, og det er takka vere dykk.

Med ynskje om ei fredfull og varm jol, og eit godt nytt år – med håp, samhald og gode stunder.

Jorand Ødegård Lunde
Ordførar i Vang kommune



Min julesalme: *Kling no klokka*

Tenk attende til din barndom! Adventstida med alle førebuingane er til endes. Du står ute på dørhella og lyttar til kyrkjeklokkene som ringer jula inn. Lufta er kald og det fell eit lite snødryss. Du kjenner fred, glede og spaning i heile deg!

Ei eldre kvinne fortalde: «Vi høyrde til Vang sokn, men det var klokkene i Heensås-kyrkja vi høyrde, når mor og eg sto ute på dørhella og lytta kvar julaftan.» Ein eldre mann frå vestlandet: «På vår side av fjorden var det ikkje kyrkje, men heile familien sto ute på troppa julaftan klokka fem og lytta til kyrkjeklokkene som tona frå den andre sida av fjorden.»

Salmen *Kling no klokka* er skriven av Elias Blix. Melodien er ei folketone frå Oppdal, både dur- og mollprega – og så lett og taktfast at ein kunne ha lyst til å danse! For det indre øyret høyrer ein både klangen og gjenklangen av kyrkjeklokkene!

Vi veit at kyrkjeklokkene har tona ut over landet heilt sidan middelalderen. Klokkeklangen har vore med dei som levde før oss frå livet byrja og til det var slutt. Vi veit også at klokkene varsla om farar og krig og at klokkeklangen vart ein del av folketrua og folkemusikken. Tanken på at generasjonar før oss har høyrte den same klangen er spanande! Klokkene bind oss til fortida og blir dermed også en del av vår egen identitet.

I heftet *Kirkeklokker. En innføring i funksjoner, historie, bruk, ettersyn og bevaring* kan vi lese at kyrkjeklokkene både har ein liturgisk og samfunnsordnande funksjon, i tillegg til å vera dyrebare instrument. Enkelte av dei er opp til tusen år gamle kunstverk, med innskrift og utsmykking som fortel om skiftande tider og ideal både religiøst, politisk og kunstnarisk (KA Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter | Riksantikvaren 2018).

Klokkeklangen er det bærande motivet igjennom salmen. Den helsar oss alle med glede, fred, liv, ljøs og brorskap, ord vi kan einast om uansett livssyn!

Jula er for oss alle, vi er heldigvis frie til å tenkje og tru det vi meiner er rett! I denne julesongen formidlar diktaren ei tru på at det finst noko som er større enn oss sjølve, at det finst ein himmel over liva våre.

Takk til kyrkjetenarane våre, som klatrar opp i kalde tårn og er «luke-opnarar» til høgtida for oss alle! -

Og vi gler oss til at Sølvgutten syng jula inn og kan hende let oss høyre denne songen i år og!

Fredfull og gledeleg jul!

Solveig Heimlid

*Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa!
Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!*

*Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!
Far gjennom grender,
strøym over strender,
strøym over strender som toneflod!
Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!*

*Englar kveda:
Høyr den gleda,
høyr den gleda, som her er hend!
Ljoset er runne,
livet er vunne,
livet er vunne: ein Frelsar send.
Englar kveda:
Høyr den gleda,
høyr den gleda, som her er hend!*



Sigfred Hovda ringer med kyrkjeklokkene på Heensåsen. Foto: Thor Østbye

*Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder,
Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i jolenatt.
Sæle sunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!*

*Barn er bore.
Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.
Anden no føder
oss til hans brøder,
Oss til hans brøder, Guds born som han.
Barn er bore.
Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.*

*Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka
leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny*

Biskopens juleandakt

Når dagane i desember er på sitt mørkaste, kjem jula med lys og håp. I krubba ligg eit nyfødd barn – eit liv som tek til, men også ei gåve som blir gitt. Ikkje berre til Maria og Josef, men til heile verda. I det vesle Jesusbarnet møter vi ein Gud som vågar å vere liten, som vågar å vere nær. Han kom til oss som eit nyfødd barn, det skjøraste og mest verdifulle vi har, heilt avhengig av menneska rundt seg. Barnet i krubba minner oss om kor sårbare og avhengige vi er.

Det var Maria som bar han fram, fødte han i ein stall og gav han varme og nærleik. I Maria sin omsorg for barnet kjenner vi att kjærleiken frå Gud. Og i Jesu tillitsfulle blick anar vi julemysteriet: At Gud overgir seg til mennesket. Gud gjer seg til eitt med alle i verda som er forsvarslaus, makteslaus og svake. Slik oppmodar han oss til å kjenne att Gud i alle menneske – også i oss sjølve. I barnet blir avstanden mellom oss viska ut.

Juleevangeliet lèt oss ane det mysteriet det er, at livet har eit feste som er så uendeleg mykje større enn våre eigne krefter. Verda og livet kviler i ein kjærleik

som skaper lys der mørker rår, rettferd der urett er gjort, tru der fortvilninga har fått feste. Julebodskapen er så storslått, og samstundes så nær. Det er eit under og ei gåve. Det er Ordet som blir menneske, og som tek bustad mellom oss. Det er Guds son, lagt i våre hender.

*Du ser på meg blidt og stille –
da undres jeg over at ord
som Angsten og Hatet og Hevnen
er kjent av noen på jord.*

*Så lenge et hjerte skapes
hellig og reint som ditt,
skal mennesket tro og håpe
trass alle tap det har lidt.*


*Jeg løfter deg, barn, som en visshet
mot skjæret av Ragnarok-rødt:
I lyset av regnbuens løfte
blir barnet – vår frelser – født.*

Hans Børli «Barnet»

Velsigna julehøgtid!

Biskop, Ole Kristian Bonde

*Madonna og barnet heng i Vallset kirke
som er 175 år i år. Foto Steffen Laursen
Foto av biskopen: Lars Martin Bøe*



Utdeling av barnebibel til 6-åringane

Den 19. oktober var det utdeling av den vesle barnebibel til 6-åringene. Ei høytidelig og fin utdeling. Etter gudstjenesten ble det saft og pizza, og soknerådet i Høre viste Ivo Caprinos film Askeladden og de gode hjelperne.

Filmen handler om en konge som har en datter som han vil gifte bort, men bare til den som klarer en umulig oppgave – ofte å finne noe svært sjeldent eller å utføre noe uvanlig vanskelig (for eksempel å hente vann fra verdens ende før vannet fryser, eller å skjære hull i en fjellvegg med fingertuppen, avhengig av versjonen). Askeladden drar i vei og møter flere personer med helt spesielle

evner. Disse blir hans gode hjelpere, for eksempel:

- En som kan høre alt i hele verden
- En som kan se utrolig langt
- En som kan spise enorme mengder
- En som kan drikke opp innsjøer
- En som kan løpe raskere enn noen andre
- En som kan gjøre seg veldig varm eller veldig kald

Når Askeladden og hjelperne jobber sammen, klarer de det ingen andre kan. Til slutt vinner Askeladden både prinsessen og halve kongeriket, nettopp fordi han er klok nok til å ta imot hjelp og bruke andres evner.



Anne Mette Thoresen,
kyrkjelydspedagog

Nesten heile staben er ny

Mykje er nytt for kyrkja i Vang: Ny kontormedarbeidar, ny organist, ny kyrkjepedagog og nye kontor.

Kyrkjevevje Silje Hammerstad i Vang er godt nøgd om dagen. Endeleg har personalkabalen gått opp og fleire nyttilsette er på plass. Ikkje nok med det, dei har også flytt inn i nye kontor i underetasjen på bankbygget i Vang som næraste nabo til lensmannskontoret.

To år er gått sidan Silje starta opp som kyrkjevevje i Vang, som gjerne kan sjåast på som eit kvantesprang av dei store. Den tidlegare yrkesmilitæren skifta bransje då ho takka ja til å tre inn i rolla som kyrkjevevje i heimkommunen. Då var ho for lengst kjent med at i ein bygdekommune er kyrkja tett på folket og omvendt.

– Det er slik at kyrkja fylgjer folk frå vogge til grav og i dei fleste relasjonar knytt til glede og sorg. Eg skal villig innrømme at det har vore to krevjande år med ein veldig variabel arbeidskvardag, seier Silje.

– Eg har ikkje bakgrunn frå bygg og anlegg, til dømes, som sikkert hadde vore ein fordel, så det har vore mykje å setja seg inn i. Gravplass, økonomi og søknader/dialog med Riksantikvaren undervegs, er òg område der det har vore særdeles bratt læringskurve.

– Men eg er godt nøgd, arbeidskvardagen artar seg svært interessant. Eg ser absolutt lysare på tilværet etter at vi fekk midlar til å tilsetje ein kontormedarbeidar. Det er med på å løfte oss, seier Silje Hammerstad.

Tilsette kontormedarbeidar

– Det er Silje Marie Olimb, også ein sambygding, som har gått inn i rolla som kontormedarbeidar. Ho har forresten også skifta bransje frå byggleiing til kyrkjekontoret, fortel Silje.

– No er vi altså to småbarnsmødrer her på kontoret med kvar vår treåring i barnehagen, så det skortar ikkje på tema i lunsjpausen, smiler Silje.

Flokken til Silje tel elles mann og totalt tre born. Familien har kjøpt bustad i Vang og har funne seg godt til rette i heimkommunen.

Flytta frå Klukkarhaugen

Kyrkjekontoret har lenge hatt tilhald i

historisk bygningsmasse på Klukkarhaugen, midt i sentrum det også.

– Så fekk vi melding frå kommunen om at det er aktuelt å nytte desse kontora til andre formål. Lokala her i underetasjen av bankbygget var ledige, og dei passa bra for oss.

– Her er det plass for underteikna/kyrkjevevja, den nye kontormedarbeidaren vår og så har vi ein kontorplass som er litt på deling av fleire. Vår trufaste kyrkjegardsarbeidar, vaktmeister og tilsynshavar Nils Bjarne Wangensteen mellom anna nyttar denne når det er behov. Vi har også fått plass til driftslageret vårt og det er eit lite møterom her, seier Silje.



AUKA RESSURSAR: Kyrkjevevje Silje Hammerstad t.v. saman med den nye kontormedarbeidaren ved kontoret, Silje Marie Olimb. Sistnemnde har nyleg starta opp.

12 tilsette

– Plasseringa i bankbygget gjer at vi blir tett på både publikum og dei vi samhandlar med av andre tilsette, i tillegg til kommuneadministrasjonen.

Alle unnateke soknepresten er underlagt det lokale kyrkjelege fellesrådet som arbeidsgjevar. Det gjeld med andre ord kyrkjevevja, kontormedarbeidaren, kyrkjelydspedagogen, organisten, kyrkjegardsarbeidaren som er rundt på alle kyrkjene, i tillegg til fast tilsette kyrkjetenarar, klokkarar, reinhaldarar og dessutan andre som kan vera engasjert inn i løpet av året, til dømes, omvisarar ved stavkyrkjene og brøytefolk.

– Kyrkjeleg fellesråd i Vang er per i dag arbeidsgjevar for omkring 12 tilsette som utgjer 4,6 årsverk, fortel Silje.

Soknepresten framleis i Drengestøga

Framleis vil sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland ha Drengestøga som sin faste kontorstad. Her vil også organisten og kyrkjepedagogen framleis ha kontoret sitt. Det er mest av praktiske omsyn.

– Det er den ordninga som vi føler fungerer best hjå oss, seier Silje.

– Drengestøga er ein institusjon midt i Vang og som vi ynskjer å taka vare på. Huset blir mykje brukt av bygdefolket, fortel sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland.

Kyrkja bruker den til mellom anna baby-song, trusopplæring, konfirmantarbeid, ein til ein samtalar, sørgesamtalar, onsdagskafé, fellesrådsmøte, soknerådsmøte og personalmøte.

Ein institusjon i bygda

– Som sokneprest prioriterte eg nærleiken til folket, framfor den fordelen det ville vore om vi som arbeidar i kyrkja har felles kontor.

– Alle som arbeider med folk veit at det å byggje relasjonar både er viktig og tek tid. Drengestøga er ein sentral del av nettopp dette for kyrkja i Vang, seier soknepresten.

– Vi er no tre med kontorplass i Drengestøga; kyrkjelydspedagog i 20 prosent, organist i 60 prosent og sokneprest i 100 prosent, fortel Ingebjørg Vik Laugaland. For hennar eigen del er det Biskopen og Hamar bispedømme som er arbeidsgjevaren, i det daglege delegert til prost i Valdres.

Er som poteten

– Eg er stolt av denne flotte gjengen som jobbar i tilknytning til kyrkja. No når vi endeleg er fullt bemanna og er der vi meiner vi skal vera, skal dette bli veldig bra. I mellomfasen i påvente av tilsetjing både i organiststillinga og kyrkjepedagogrolla har andre trått til undervegs, noko vi er veldig takksame for. Den pensjonerte organisten Alistair George Peters har jamt og trutt stilt opp i sin tidlegare rolle, og dessutan trusopplærar Anne Lajord Belsheim, i samband med babysongen.

– Nils Bjarne Wangensteen har arbeidd som kyrkjegardsarbeidar og tilsynsansvarleg sidan i 2008, og fungerer som ein vaktmeister/potet for oss. Han kan mykje historikk i samband med gravplass-relatert arbeid og vedlikehald av kyrkjebygga, og er gull verdt, seier ho.

– Han har vore ein suksessfaktor for meg, og er nok ein av grunnane til at

eg ikkje har tatt beina fatt i løpet av dei siste to åra, seier Silje, som også nemner den tidlegare kyrkjevevja, Guro Hovda, som har vore god å ty til.

Ny organist og trusopplærar

Vang kom også i beit for kyrkjelydspe-
dagog etter at Anne Lajord Belsheim
slutta. No er Anne Mette Thoresen til-
sett i 20-prosent stilling i denne rolla.
Ho har bakgrunn frå helsesektoren.

Kyrkjevevje Silje er også godt nøgd med
at dei har fått på plass ny organist.

– Ja, vi hadde fleire rundar før vi klarte
å lande denne funksjonen. Vi er veldig
nøgd med å få Kateryna Persysta på
plass hjå oss. Ho byrjar opp i 60 prosent
stilling, fortel Silje.



*NY PEDAGOG: Anne Mette Thoresen som har bakgrunn frå helsesektoren, byrja nyleg i rolla som ny kyrkjelydspe-
dagog i Vang etter Anne Lajord Belsheim og Guro Hovda. Foto: Privat*



*SOKNEPREST OG ORGANIST: Her er sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland t.h. og den nye organisten Kateryna Persysta t.v., begge med tilhald i Dren-
gestova.*

Kjem frå Ukraina

Vi let Kateryna fortelje litt om seg sjølv:
– Eg har sidan i august jobba som or-
ganist og pianolærar i Vang. Eg kom til
Norge i august 2022 som flyktning frå
Ukraina. Fyrste året budde eg i Ørsta,
så flytte eg til Bergen for å studere på
Griegakademiet. Der sluttførte eg ein
master i utøvande piano i juni 2025.



*NYE OG GAMLE FJES: Nokon kjente fjes og nokon nye ved kyrkjekontoret i Vang. F.v. kyrkjegardsar-
beidar Nils Bjarne Wangensteen, kontormedarbeidar Silje Marie Olimb, kyrkjevevje Silje Hammerstad,
sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland og den nye organisten Kateryna Persysta.*

Frå før har eg ein master frå Ukraina i
pianoundervisning og utøvande piano,
fortel ho.

Ved sidan av jobben som organist og
pianolærar i kulturskulen studerer Ka-
teryna til kontor ved Noregs musikk-
høgskole i Oslo. Ho held også fram ved
Griegakademiet for å fullføre organist-
studiane.

– Heime i Ukraina jobba eg ni år i kul-
turskulen som pianolærar og sju år som
pianist på cruiseskip. Eg har også spelt
på festspela i Bergen (2024 og 2025) og
vore vekas pianist på Troldhaugen i juli
2025, fortel Kateryna.

Ho seier at ho gler seg over ha fått den-
ne jobben i Vang og at det går veldig
greitt med å tilpasse seg norske tekstar
og tonar.

Fekk økonomisk lyft

Slik i det daglege blir økonomien til
Fellesrådet løyvd over kommunebud-
sjettet.

– Vi har samstundes ei såkalla teneste-
ytingsavtale med kommunen som går
på at kommunen deriblant køyrer løn
og rekneskapan for oss. Det represen-
terer ein stor tryggleik for oss, komment-
terer Silje.

– Apropos økonomien, kyrkja har ikkje
alltid vore nøgd med dei økonomiske
rammevilkåra?

– Vi fekk eit lyft i fjor og det har vore
heilt avgjerande for oss for å halde oppe
ein naudsynt aktivitet, ikkje minst i
forhold til kyrkjebygg-forvaltinga og
vedlikehald. Det sikra også at vi kunne

tilsetje ein sårt trengt kontormedarbei-
dar, seier Silje.

Hentar inn midlar

– Det er stadig krav til det byggtekniske
og den siste tida har vi mellom anna
hatt utfordring med å reparere skader
etter vasslekkasje i våpenhuset i Heens-
åsen kyrkje. Vi har også vore heldige og
fått midlar frå Kyrkjebevaringsfondet
som går til eit overordna forprosjekt
for Øye kyrkje.

– Forprosjektet er fullfinansiert og skal
gje oss ein grundig tilstandsrapport på
det byggtekniske, i tillegg til interiør og
kyrkjekunst, seier Silje.

Denne typen kartlegging kan også vera
aktuell for fleire av dei andre kyrkjene
i Vang.

Betre kontroll på kyrkjebygga

– Vi har også fått tilsegn på pengar frå
Riksantikvaren i samband med diverse
sikringsarbeid ved nokon av dei andre
listeførte kyrkjene, fortel Hammerstad.

– Også framover vil vi jobbe med å
søkje midlar utanfrå, til dømes Riks-
antikvaren og kyrkjebevaringsfondet,
mellom anna til sikringsarbeid ved no-
kon av dei mest utsette kyrkjene, seier
Hammerstad.

Tekst og foto: Torbjørn Moen
Gjengitt etter tillatelse fra
Avisa Valdres v/Torbjørn Moen

Joleforebuingar

ved Dagsenter
Solgløtt og Vangsheimen

Hausten glir over i vinter og gradene kryper sakte men sikkert nedover. Luktten av nybaka småkaker til jol begynner å sive ut ifrå dei mange heimar i Noregs land. Slik er det og på dagsenter Solgløtt, her har bakinga vore i gong ei god stund. Ein ivrig gjeng har samla seg rundt langbordet i kjøkkendelen av dagsenteret, der dei mest smakfulle jole-småkakene har blitt trilla ut. Oppskrifter har blitt delt, og alle har fått ein god smak av dei knasande sprø, mjuke og passeleg søte kakene. Nyttige tips har blitt utveksla frå dei med lengst erfaring i å bake, om korleis få til eit best mogleg resultat. Ei kringla har det og blitt tid til å lage, den rykende ferske kringla passa perfekt med ein kaffikopp til, som innleiing til helga.

På Midtgarden skal det vere faste aktiviteter, det vil vere joleverkstad/aktiviteter på tysdager, film på torsdager og baking kvar sundag fram mot jol.

Andakt er det ei gong i månaden på Vangsheimen, då kjem sokneprest Ingebjørg og held ein god tale, mange er det som kjem for å høyre på og delta i salmesongen akkompagnert av flott pianomusikk. Det blir sett stor pris på av alle at det er andakt regelmessig, ei riktig høgtidsstund er det.

Ein kar på Vangsheimen henter bl.a. Valdres-avisa på kontoret og deler den ut på avdelingane tysdag og fredag i kvar veke, noko alle er veldig glade for. Det er hyggeleg å gjere noko for andre, fortel Nils, og på sin veg trefte han mange å ta ein prat med. I sitt yrkesaktive liv køyrde han post rundt i Grindaheim og Øye, han hadde 144 stopp på postruta si, så det er ein kar med mykje erfaring i å levere post ut til folket. Det kunne vere krevande vær og føreforhold å kome seg rundt i, enten det var med bil eller til fots fram til postkassene.

Me er så heldige at der er eit eige treningsrom på Vangsheimen, som kan nyttast til individuell eller felles trening. På dagsenteret har vi og fått i stand eit



kor, som vi kaller Solgløttkoret, med god hjelp av Reidun Porten – vi skal snart ha vår første opptreden.

Fredag 21. november var det jolekonsert i Vang kyrkje, denne gongen var det Jenny Jensen som me var heldige å få besøk av. Kyrkja var vakkert opplyst både utvendig og innvendig, eit godt knippe av folk frå bygda og området rundt kom og fekk høyre denne stemningsfulle konserten. Ei varm atmosfære møtte alle som kom inn, sjølv om det var heller kjølig ute. Jenny var i storform, og med sitt sprudlande humør fekk ho publikum med og synge på fleire av dei kjente og kjære jolesongene, innimellom hadde ho og andre songer med frå sitt rikhaldige artistliv. Jenny fortalde at ho er veldig glad i å pynte til jol og begynner tidleg, ho kan fort skrive 400 jolekort, så då må ho iføl-

ge henne sjølv begynne å skrive ved sankthanstider. Etter oppfordring vart det og eit ekstrainummer mot slutten av kvelden, som ho tok på strak arm. Som ei helsing frå Vang fekk Jenny lokalprodusert sjokolade, noko ho sette stor pris på å få. Så vandra alle som hadde vore tilstades, ut i novemberkvelden, med eit godt minne og ei fin oppvarming til ventetida fram mot jol.

Me vil få ynskje dykk alle ei rettig god advents- og jolehøgtid.

Helsing frå alle oss på dagsenter Solgløtt

Tekst og foto: Anne Helle Hagen
Foto: Dagsenter Solgløtt, Anne Helle Hagen
og Unni Sandsengen

Stølsmesse på Rysndal'n

Sundag 24. august var me om lag 20 som var samla til stølsmesse på Torstadstølen hjå Elin og Kjell Anders Haugen. Veret var lettare overskya, men meir freistande var det å trekkja inn i selet enn å sitja ute.

Denne dagen var det vikarar i alle «aktør-stillingane». Solveig var prest, Guro var klukkar og Ivar var «organist» med trekkspel. Alle tre gjorde ein framifrå jobb!! Stølslaget stilte opp med lappar, rumme og fleire slag kaker.

Tekstane som Solveig formidla, handla både om å vera fri og å vera bunden. Kan omgrepet FRI tydst både samfunnsmessig, mentalt og åndeleg? Jesus formidla ei rettferdig, sannferdig og medmenneskeleg haldning. Vi skal respektere og stille opp for kvarandre. Jesu ord har ein frigjerande verknad,

dei lærer oss å vera gode medmenneske. Ingen skal kjenne seg bunden/utstøytt, men fri! Vi trur at det er fridom i å bli bunden til Jesus. Som barn av Gud skal vi få bli i Fars hus for alltid.

Ei keltisk bøn formidlar denne trygge trua slik:

*Du er mi øy i havet Gud,
ei støtte for mine føter.
Du er eit vinddrag mot mi hud,
ditt kjærteikn som eg møter.
Du er ein stavstill fjord,
mi salme utan ord.
Du er eit fuglekor som kved,
der får eg lov å syngja med.
Du er ein bårerygg som bryt,
der får eg sjå din velde.
Du er ei elv som roleg flyt,
ho er mi nådekjelde.
Du fjøre er og flod, i rytmen finn eg ro.*



*Du er eit hav kring heile meg,
der er eg evig eitt med deg.*

Anne Lajord Belsheim

Dansekveldar på Høre samfunnshus vårhalvåret 2026

Valdreskvelven Spel- og Dansarlag skal denne vinteren og ha nokre kveldar med dansetrening i Høre. Det føregår mykje i bygda, men vi håpar de får til ein syndagkveld i månaden.

11. januar – 8. februar – 8. mars og 12. april – frå kl 19 til 22.
Kom når du kan – gå når du må!

Vi har med saft så alle kan få tystedrikke undervegs. Ei sosial pause med te/kaffe og eit kakestykke har vi og tid til. Engebret Ringen med sin torader er som tidlegare år spelemann.

Alt har ein pris, men før dei som er/ynskjer å tegne medlemskap i laget, kostar det ikkje noko meir. For dykk andre – musikk, forfriskning, sosialt samvære med kaffe og kake: kr 50 for kvar kveld!

Musikken er mest gamaldans, men og innom springar og halling. Vi ynskjer at de som kjem tør å bruke vår musikk til det de har lyst til å danse. Både swing og slowfox eller foxtrot er dansar vi kan bruke etter folkemusikkens rytmer. På «Skal vi danse» ser mulegheitene ut til å vera uendelege.

Men her hjå oss er det ikkje perfeksjonisme, men bevegelse og glede vi fokusera på!!

Om du ikkje kan men har lyst til å lære, så hjelper vi til etter



beste evne.

Tenkjer du så: danse kjem eg aldri til å lære ... så høyr kva Knut Steinsrud ein gong fortalde: «Eg hadde ein på kurs i valdresspringar, fyrst eitt kurs, så eitt til. Då tenkte eg at den kroppen kjem aldri til å lære danse. Det var ikkje berre stega men og rytme som var vanskeleg. Men, kroppen kom att, han gav seg ikkje. Dette vart så ein av dalens store dansarar, og navnet: Ingar Ranheim». Ingar var eit godt førebilete og læremeister for mange av oss som er i folkemusikkmiljøet i dag!

Vel møtt til triveleg samvære – Ivar

FN-konsert på VBU

Det har vorte ein fin tradisjon med FN-konsert på VBU i slutten av oktober. Konserten har innslag frå alle klassene frå 1.-7. trinn, i tillegg til velkomstklassen. I år hadde 5. klasse eit ekstra ansvar for å legge til rette for konserten og dei besøkande, ei oppgåve dei tok på alvor og klarte med bravur.

Bakgrunn

FN-konserten blei arrangert på FN-dagen, 24. oktober. I år er det også 80 år sidan den første FN-dagen i 1945. Det var mot slutten av den andre verdskrigen at Storbritannia, Sovjetunionen og USA sine statsleiarar møttest på Jalta-konferansen i Ukraina og vart einige om å opprette ein ny verdsorganisasjon med mål om eit betre samarbeid. Noreg var blant dei første landa til å bli med.

Stor variasjon

Det var stor variasjon i det publikum fekk servert under årets FN-konsert. Tradisjon tru starta 3. klasse opp med konsert, og sjølv om dei vanlegvis har spelt på instrument – så spelte dei denne gongen på slangar (hageslangar). Kanskje var dette Vang sin første slangkonsert nokon sinne?

Vidare fekk vi song og dans frå 1. og 2. klasse, før 4. klasse hadde skodespel og dans. 5. klasse følgde opp med eit forrykande turnshow, før 7. klasse sitt skodespel til ettertanke om kor viktig naturen er. Deretter dansa ei nyoppretta FYSAK- (fysisk aktivitet) gruppe, før 6. klasse prøvde å setje fingeren på at verdsdemokratiet lever farleg med eigenrådige politikarar. Velkomstklassen avslutta det heile med song, dans og eit budskap om fred.

Inntekter

Inntektene frå årets FN-konsert gjekk til årets TV-aksjon og mottakaren Atlas-alliansen. Konserten samla inn i overkant av 10.000 kr, noko vi er svært nøgde med. Elevane ser alltid fram til FN-konserten, og når vi i tillegg kan støtte ei god sak og øve oss på å bli gode menneske samtidig? Da kan vi ikkje gjere anna enn å glede oss til neste år!

Tekst: Haakon Wahlquist
Foto: Julie Helen Holmviik



Oslo World UNG på besøk

Om seg sjølve skriver Oslo World dette:

«Vi er Oslo World UNG, en del av musikkfestivalen Oslo World, som hvert år arrangerer konserter, seminarer og samtaler i uke 44. Oslo World UNG er festivalens satsing for unge som jobber proaktivt for å skape engasjerende og relevante møteplasser for ungdom.

Denne høsten arrangerer vi en panelsamtale for ungdomsskoleelever om temaet «Grenser». Samtalen tar for seg de sosiale og samfunnsmessige grensene ungdom møter i hverdagen både bevisst og ubevisst. Panelet består av artist, aktivist og samfunnsengasjert utøver eller kunstner, sammen med en ung moderator fra Oslo World UNG som leder samtalen. Det legges opp til refleksjon, dialog og spørsmål fra elevene underveis.»

Torsdag den 23. oktober hadde vi besøk av ein gruppe folk kalla Oslo World UNG på skulen vår. Dei snakka om oppveksten sin og om deira lidenskap, altså det dei brenn for og er veldig engasjerte i. Det var veldig inspirerende å høyre på historia deira og kva som har motivert dei gjennom livet.

Etterpå fekk vi stille dei spørsmål, og det var spennande å få svar direkte frå dei. Til slutt fekk ein elev og ein lærer bytte



plass med to av folka som sat på scena, noko som gjorde opplevinga ekstra spesiell og gjev for oss alle. Det var ein lærerik og minneverdig dag!

Bildet syner frå venstre: Karoline Bjone Veflen, Nova Mathea Nilsen Kallhovd, Frøya Hippe Lunde, Ylva Solemsli, Elise Vendil Guldvik-Belsheim

For ungdomsskulen på VBU,
Amanda Kjørstad Bøe og Isak Johannes Havro
Foto: Kjersti Wangensteen-Grov

Høre sokneråd informerer

I Høre sokn har vi i haust nådd fleire aldrar og både i og utanfor soknets grenser, det likar vi godt.

17. oktober hadde vi bingo i eit fullsett rom med blide folk. Her var aldersgrensa 18 år og det gleder oss å sjå at dette samlar både dei yngre og dei eldre! Vi takkar Tyin Filefjell, Vang bygdekino, Mjøsvang og Søstrene Suse for flotte gåver som dei gjævaste premiane. Til våren blir det bingo på kvinnes økumeniske bønedag, fredag 6. mars.

19. oktober laga vi til kino i stavkyrkja vår. Med lerret, prosjektor og høgtalar rigga vi til visning av Ivo Caprino sin Askeladden og dei sju hjelparane etter gudstenesta. Målgruppa var 6-åringane, og evt. andre som var tilstades. Det vart servert pizza, og både ungar og vaksne storkosa seg. Takk til Caprino som ga oss lov til å vise filmen offentleg.

Dei neste par månadene kan vi, i tillegg til gudstenester i den vakre kyrkja vår, invitere til:

- Høre mannskor blir med oss og syng og spelar jula inn i Høre stavkyrkje syndag 21. desember kl. 19.
- Juletefest (gratis) for små og litt mindre små på Høre samfunnshus 3. januar kl. 13
- Årsmøte for Høre sokn tysdag 10. februar kl. 18 på Høre samfunnshus.

Marianne Riste
Leiar Høre sokneråd



Kultur er viktig for Vang!

Kultur handlar om kven vi er – og kven vi ønskjer å vere. I Vang er kultur mykje meir enn konsertar og utstillingar. Det er stølskulturen som bind generasjonar saman. Det er ungdomane som står på scena under Ungdommens kulturmonstring (UKM) og tør å vise seg fram. Det er idrettslaget som samlar bygda til dugnad, meistring og glede. Kultur er kvardagsliv og fellesskap – alt som gjer at vi kjenner at vi høyrer til.

I mange år meinte forskarar at kultur ikkje hadde noko å seie for tilflytting og attraktivitet. Men no veit vi betre. Når folk vel kvar dei vil bu, handlar det ikkje berre om jobb og hus – men om korleis det kjennest å vere ein del av staden. Er det liv? Fellesskap? Noko å vere stolt av? Nettopp det er det kulturen skapar.

Ein kommune må finne sin eigen veg til å bli attraktiv. For Vang handlar det kanskje om å halde fram med å vere seg sjølv – med alt det som gjer bygda vår unik: levande stølar, naturen, stavkyrkjene, musikken, forteljningane og det sterke engasjementet som bur i folk.

Vi er òg så heldige å vere omgjevne av kulturminne som fortel historia om kven vi er. Gamle kyrkjer, stølar, bygningar og stigar ber spor etter menneska som levde her før oss – og gjev oss ei sterk kjensle av samanheng og røter. Naturen rundt oss er ikkje berre vakker; han er sjølv grunnlaget for kulturen vår. Fjella, vatna og stølane er levande møteplassar der fortid og framtid pustar side om side.

Kultur er ikkje pynt. Det er fundamentet for eit levande lokalsamfunn. Når vi syng saman i kyrkja, samlast på festival, går på ski i lysløypa eller høyrer ungdommen spele, byggjer vi fellesskap – og tru på framtida.

Winston Churchill vart ein gong spurd om kvifor ein skulle bruke pengar på kunst og kultur under krigen. Han svara: «Utan kultur – kva er det då vi forsvarar?»

Det er verdtt å minnast også i dag. Når vi ikkje lyfter fram kultur og kunst, byggjer vi ned både demokratiet og det felles verdigrunnlaget som held oss saman.

Vi lever i ei tid der mykje endrar seg raskt. Difor er det ekstra viktig å ta vare på det som held oss oppe – songen, dugnaden, forteljningane og møteplassane. Kultur handlar om liv. Kultur handlar om å vere menneske.

Og kanskje er det nettopp det som gjer Vang til ein stad folk vil bu:

Her er det ikkje berre fjell – men òg eit bankande hjarte.
God jul!

Yvonne Mæland
rådgjevar utdanning og kultur, Vang kommune
Foto: Eli Belsheim og Oskar Solemsli



Ylva Solemsli og Nora Remmen på UKM

Var Gåse den første presten i Vang?


Vang har hatt mange innflytelsesrike prester, men Gåse nevnt i runeinnskriften på Vangsteinen kan ha vært den første presten i Vang.

Opp igjennom tidene har de aller fleste prestene i Vang vært innflyttere. Gåse derimot kan ikke bare ha vært innflytter, men også innvandrer og det fra østkysten av Sverige, hvor tradisjonen med å reise runesteiner stod mye sterkere enn i Norge. Tradisjonen med å reise runesteiner er nesten fraværende i innlandet i Norge.

«Gåses sønner reiste denne stein etter Gunnar, brorsønn» står det skrevet med runer på Vangsteinen. Vangsteinen har egentlig aldri vært gjenstand for forskning i stor grad, og det er ganske merkelig at denne runesteinen, rikt ornamentert, er blitt reist i Vang, en majestetisk runestein som kunne vært et kongsemne verdig, litt i sammenligning med Jellingsteinen i Danmark. Runesteinen i Jelling, et kongelig monument, sies å være et eksempel som spredde seg spesielt fra Danmark til Sverige. Gåse og hans familie kan ha tatt med seg tradisjonen med å reise runesteiner fra østkysten av Sverige, der de fleste runesteiner i Skandinavia finnes. I Norge har vi bare ca. 50 runesteiner fra vikingtiden, mens de fleste ble reist i Sverige. Der har de over 2500, de fleste lokalisert til østre delen av Sverige og langt færre i indre strøk som i Norge. Ja, Valdres har Einangsteinen, men den er ikke en kristen minnestein og ble reist lenge før vikingtiden.

Men hva er det som knytter Gåse til spesielt Sverige og kristendommen for øvrig? Gåsenavnet finnes flere steder i Sverige. Der forekommer navnet Gåse på minst 6-7 runesteinsinnskrifter. Et eksempel er i Södermanland i Österhaninge sogn i Sverige, der det finnes en runestein med innskriften «Gåse reiste steinen etter Assur sin sønn og etter Ulv».

Tradisjonen med å reise runesteiner etter avdøde slektninger fikk utbredelse



KI-generert bilde av prest fra vikingtiden (chatgpt)



Christian Kroghs illustrasjon til «Olav den helliges saga» i Snorre Sturlason, Kongesagaer (1899)

med innføringen av kristendommen, og Vangsteinen har et entydig kristent billedmotiv. Billedmotivet som er tegnet i Ringeriksstil kan også spores til etablering av kristne samfunn i Skandinavia og på de britiske øyer.

Hvorfor skulle Gåse være prest? Jo, det kan vi kanskje relatere til gården Gåsedelen. Min teori er at Olav den hellige beslagla en del av en gård og tildelte delen til Gåse og satte han inn som prest i Vang. Herav har vi navnet Gåsedelen på gården som nå heter Steinsvoll. Anders Frøholm antyder i bygdeboka om Vang at navnet kan ha referanse til nettopp Gåse. Gåse var ikke noen hvem som helst. Det kan vi lese av runeinnskriften, fordi det er ikke sønnene som reiser steinen som blir nevnt ved deres navn i runeteksten, men deres far Gåse. Det betyr at Gåse kanskje var gått bort, men det var hans navn som ble brukt som en slags markør, kanskje fordi Gåse var en kjent prest i Vang. Han hadde familien med seg, men levde ikke prestene i sølibat på den tiden? Det var først i 1074 at den katolske kirka krevde at prestene deres levde i sølibat.



Vangsteinen/wikipedia

Vi vet ellers at Olav Haraldsson var gift med Astrid, datter av svenskekongen Olaf Skötkonung. En konge som er mest kjent for å være den som kristnet Sverige, og således kunne han være et forbilde for Olav Haraldsson.

Vi har altså mange indisier som peker både mot Sverige og mot Olav Haraldsson. Olav har kanskje ikke sett Vangsteinen, men han kan ha vært den som la premissene for at den ble reist.

Det store spørsmålet er også hvorfor Gåses barnebarn, Gunnar, ble vist slik ære med en så mektig runestein. En mulighet er at han var odels sønnen til Gåsedelen, og at han at han rett og slett ble tatt av dage. Det er tenkelig at det kan ha vært en hendelse knyttet til jordeiendommen Gåsedelen, som navnet tilsier ble trolig fradelt en større gård og gitt til presten Gåse. Dette er noe som kan ha vært vanskelig for bøndene i Vang å akseptere. Nettopp derfor var det viktig for Gåses familie å markere deres posisjon i Vangssamfunnet med denne mektige runesteinen. Gunnar var ingen konge eller kongssønn, men likevel ble hans død markert med den mest spektakulære runesteinen i Norge, som om han skulle ha vært et kongsemne på linje med Olav Haraldsson. Gåsebrødrene måtte ha en sterk motivasjon for å reise en slik runestein, men hva den grunnen var vil vi aldri få vite, men vi vet at runesteiner betraktes like mye som maktmarkeringer som minnesteiner.

Lomen/ Hamar
Helge Gardli

Årets døpsbarn



Heensåsen kyrkje 02.03.2025 Thea Kristin Havro Almanning og Christoffer Sveberg Bøe med Odin Almanning Bøe og storebror Heine.



St. Tomaskyrkja 09.03.25 Mette Johanne Nilsen Sørli



St. Tomaskyrkja 09.03.25 Nova Mathea Nilsen Kallhovd (konfirmannt 2025). Foreldre er Kine Johanne Nilsen Kvannefoss og Håvard Magnus Kallhovd



St. Tomaskyrkja 09.03.25 Anne Marit Voll Eltun og Sigve Kristiansen med Torun Eltun Kristiansen



St. Tomaskyrkja 17.04.2025 Sigurd Fossholt Grøvslien Hovda. Foreldre er Jeanett Fossholt Grøvslien og Jonas Hovda



Øye kyrkje 04.05.2025 Lars Arne Hauge Øye. Foreldre er Helene Hauge og Eirik Øye



Øye stavkyrkje 04.05.25 Grethe Svanheld Strand og Sander Eltun med Henrik Strand Eltun



Høre stavkyrkje 15.06.25 Eira Øvrevoll Heimlid. Foreldre er Sunniva Heimlid og Espen Røstad Øvrevoll



Øye stavkyrkje 23.06.25 Mathilde Hålmoen Bøe. Foreldre er Karoline Osaland Bøe og Olav André Odden Hålmoen

Årets dåpsbarn



Stølsmesse på Helinosen 27.07.2025 Hanne Garfelt Paulsen og Håvard Rogn Tveit med Marie Paulsen Tveit og storesøster Ingvild



Høre stavkyrkje 14.09.25 Malin Desiree Fredriksen og Atle Onstad Hålien med Jens Fredriksen Hålien og storesøster Mia



Høre stavkyrkje 14.09.25 Åse Edvardsen Dahl. Foreldre er Elise Edvardsen og Olav Dahl



Vang kyrkje 25.12.24 Vikarprest Terje Eklund med Emil Dokkehaugen Kvam. Foreldre er Anita Dokkehaugen og Erik Andrisson Kvam. Marit Andrisdotter Kvam (til høyre) er fadder.

Babysang og generasjonstreff

VELKOMNE kl. 11:00-13:00!

Tirsdag 20. januar
Fjordstøga på Vangsheimen*

Torsdag 19. februar
Drengestøga

Tirsdag 24. mars
Fjordstøga på Vangsheimen*

*Generasjonstreff på Vangsheimen er i samarbeid med frivilligsentralen.

Her er alle velkomne, både med og uten baby.

Generasjonstreff på Vangsheimen

16. oktober var det generasjonstreff på Fjordstøga på Vangsheimen. Der var små og store i fin tone med hverandre, og de eldste viste også glede og engasjement, både over sangen, men også over de små.

Anne Mette Thoresen
kyrkjelydspedagog



Lys Våken

For ein fantastisk Lys Våken! Laurdag ettermiddag fekk vi besøk av prest Ingebjørg, som laga ein kjekk og lærerik konkurranse der borna skulle finne ut kva dei ulike tinga i kyrkja heitte. Ho las for dei, svarte på spørsmål og møtte nysgjerrigheita deira med varme og kunnskap. Kyrkjelydspedagogen kosa seg stort med å sjå kor engasjerte dei var – mellom leik, prat og fine aktivitetar hadde vi det rett og slett veldig godt saman. Seinare las vi om Sakkeus – ei forteljing som minner oss om at alle kan bli sett, og at fellesskap og openheit skapar nye moglegheiter. Borna tok imot historia med både undring og refleksjon.

Under gudstenesta deltok dei med ei rekkje viktige oppgåver: Dei ønskte velkommen med trygge stemmer, las om Sakkeus, teikna kors i panna med varsom hand, bar korset med høgtid, deltok i velsigninga og stilte sporty opp til intervju med kyrkjelydspedagogen, kloke og modige som dei er.


Heile denne gjengen oppførte seg eksemplarisk gjennom både ettermiddagen, natta og sjølve gudstenesta. Dei viste omsorg for kvarandre, respekt for rommet og ei ekte glede over å vere saman i kyrkja. Ein kunne ikkje ønskt seg ei betre gruppe.

Stolt kyrkjelydspedagog
Anne Mette

Verdensdagen for psykisk helse

Den 10. oktober var det verdensdagen for psykisk helse. Jeg holdt Vang kirke åpen for at folk kunne komme og ha den tida for seg selv i kirka, tenne lys, snakke, lytte, hva de ønsket. Der var noe oppmøte, men pga. ekstrem vind den dagen så sendte faktisk noen meg en SMS for å høre om jeg kunne tenne lys for dem. Noe jeg gjorde.

Anne Mette Thoresen
kyrkjelydspedagog





Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



FARGELEGG



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagskolen.no eller 22 03 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymer seg her?



Vang kulturskules barnekor sang på messa på Heensåsen

Syndag 16. november var barnekoret og sang etter messa i Heensåsen kyrkje. Fire av medlemene deltok ilag med dirigent Elvira Ruud. Barnekoret er ein del av kulturskuletilbudet i Vang, og dei øver kvar onsdag etter skuletid på VBU. Koret ønskjer fleire medlemmer – alle skuleelevar er velkomne!

Sangglede er viktig, noko framsyninnga viser – sang og bevegelse i skjønn forening. Dette var barnekoret si fyrste framvising og koret var pynta med dei flotte t-skjortene som barnekoret har. Ingebjörg prest sa etterpå at det var ein fin konsert og god stemning.

Bildet syner frå venstre: Elvira, Tuva, Vilja og Tiril.



Tekst: Jorunn Trøen
Foto: Linda Kjørlien




Kyrkjebingo!

Ta med kyrkjebingobrettet i kyrkja på julaftan.

Klarar du å krysse ut alle?

Bingobrett-tekstar lånt frå
Menighetsbladet i Gjerdrum

Nokon ynskjer deg velkomen i kyrkja	Nokon hostar	Presten spør: Er det nokre barn som gler seg til pakkene?	Nokon mistar programmet på golvet	Du høyrer kyrkjeklokker
Du ser eit juletre	Nokon tenner lys	Nokon spelar orgel	Nokon har pynta seg i raud kjole	Du ser ei julegåve
Du ser ei krybbe	Nokon har pynta seg med slips		Du ser eit kors	Nokon les om då Jesus vart fødd
Presten ber ei bøn om fred	Du ser ein båt	Du tenkjer på julemiddagen	Du ser ein døpefont	Alle syng Gloria
Nokon gir ein klem til deg eller nokon andre	Du er takksam for noko	De syng Deilig er jorden	Presten seier: Herren velsigne deg og bevare deg	Nokon ynskjer deg ei god jul

Konfirmantar 2026

Agnes Brekke-Dervola
Marte Grihamar
Halvor Heensåsen-Søndrol
Dmitrij Kislyj
Jonas Bø Kjørstad
Judyta Klimkiewicz
Erle Kvien
Erlend Søndrol Nickelsen
Ole Jakop Oldre
Eirik Asheim Remmen
Tuva Solemsli
Storm Buajore Tørstad
Ariana Havellen Viken



Vang pensjonistlag på tur!



Den årlege turen gjekk i år til Trondheim 24. - 26 aug. 2025. Turkomiteen med Unni Nordsveen, Liv Jørstad og Boye Thorpe hadde lagt opp til eit variert og fint program. Avreise frå Tyinkryssset tidleg syndagsmorgon med buss, og stødig sjåfør Stig Wårum Tronstad. Han plukka opp alle 42 tur-deltakarar som stod langs vegen gjennom Vang denne morgonen. Turen gjekk over Valdresflya og vidare til fyrste stoppen på Kongsvold Fjeldstue for lunsj. Vidare gjekk turen via Oppdal, Berkåk og Støren før me ankom Trondheim for to netter på hotell.

I Trondheim hadde me sightseeing med ein veldig flink guide og vart godt kjent i byen. Me fekk med oss Gamle bybro, Kristiansten festning, Sverresborg og Trøndelag Folkemuseum. Vidare var me bortom Stiftsgården og jammen rakk me skianlegget i Granåsen også. Neste på programmet var Nidarosdomen, der også med guide. Ein opplevelse å få oppleve alt dette for ein vangsgjelding.

Heimturen gjekk via Orkanger og Løkken der me besøkte Løkken Verk. Like ved var me innom Gammelgruva, Norges mest fargerike gruve. Me hadde siste stopp på Dombås for lunsj, før heimturen gjekk over Valdresflya igjen og heim til vakre Vang!

Ein stor takk til turkomiteen og alle som var med for ein flott tur med mange fine opplevsalar, gode måltid, mykje latter og moro. Også ein stor takk til leiar i pensjonistlaget, Gerd Marken, som har god styring på laget.

Tekst og foto: Ivar Kongslie
Foto: Gerd Marken



Ikkje langt til Royal Albert Hall ...

3.-9. august 2025 var hallingdans, feleboger, slåttestev og drikkeviser i bagasjen, og Mamelukk og Barokksolistene la ut på turné. Fyrst til Edinburgh music festival, ein av dei største musikkfestivalane i Europa. Her var det lagt opp til stort utearrangement og spesialbygd scene, men grunna kraftig storm avlyste byrådet heile arrangementet. Vi gjorde ein mindre konsert i The Hub, innendørs, og satsar friskt på re-invitasjon neste sumar.

Vidare gjekk turen til ein utruleg sjarmerande kystby kalt Aldeburgh. Her venta eit fantastisk teaterhus, med plass til 800 publikumnera, der vi var kveldens store forestilling. Utsolgt, stinn brakke, skikkeleg god opplading til det som venta i London.

I London er det altså rett inn til Royal Albert Hall, og for ei scene! Publikum 360 grader rundt oss, sirkelforma sal. Den kjente organisten Anna Lapwood kuraterar arrangementet «From dark till dawn» og har booka artistar og konsertar som skal spele kontinuerleg frå 11 om kvelden til 07 om morgonen. Vi gjekk på scena i beste sendetid, frå midnatt til halv to fekk vi festen i gang. Stemninga er noko av det råaste eg

har opplevd. Over 3000 publikumnera har teke turen, og er heilt ville, særleg i det vi forankrar musikken i det nordiske materialet og hallingrytma kjem i spel. Uforgløyemeleg!

Dette sa anmeldar Richard Morrison i The Times, etter å ha fått oppleve oss i Royal Albert Hall under BBC Proms i sumar: «Likevel vart TikTok-organisten (Anna Lapwood) overskygga. Då klokka bikka midnatt fekk dei ustoppelige norske kompania Barokksolistene og Mamelukk, som hadde sin Proms-debut, publikum til å juble, le, synge og til og med ta ein dans i arenaen.»

Dette seilar nok opp som eit av dei jobbmessige høgdepunkta dette året. Samtidig har det vore ufatteleg stort for meg å bli valgt ut som Dansens dager-ambassadør 2025.

Meir om dette kjem seinare, men om du tar bilde av QR-koden finn du tekst om samarbeidet og om forestillinga.



Silje Onstad Hålien
Bilder: Dom Best og privat



Gla'dans-jubileum

I haust er det 15 år sidan Seniordansen starta her i Vang. Den gongen gjekk Inger Solveig Bøe i bresjen for å få i gang ei dansegruppe, med god hjelp av m.a. Kari Høyvik og dansarar frå Vestre Slidre. No tykte vi derfor at det kunne høve med ei aldri så lita feiring. Denne gjekk av stabelen laurdag 4. oktober.


Vi var heldige å få hyra Elbjørg Johnsen Dieserud som instruktør, slik at vi faste danseleiarane kunne slappe av frå dette dagen. Ho kom frå Harestua i lag med mannen Stein, og dei leidde oss gjennom mange fine dansar, både kjende og ukjende.

Til festleg lag høyrer det med å invitere gjester. Vi hadde sendt ut invitasjon til dei andre dansegruppene i Valdres, og tidlegare medlemmer både der og her. Det vart noko ruskete ver, så vi var litt spente på om gjestene våga seg ut, men heldigvis var det berre ei dansegruppe som melde avbod, så heile dalen elles var representert. Også frå Dokka fekk vi besøk, og mange som av ulike grunnar har slutta, møtte opp på feiringa. I alt var vi 50 stk, og Høre samfunnshus var ein god stad å vera, for der kunne vi dekke til mat i kafeteriaen og bruke salen til dans.

I tillegg til god trim for hovud og skrott, har vi det svært triveleg i lag på danskveldane våre. At det sosiale også er viktig, merka vi godt under matøkta med majel og kaffi og kaker, for praten gjekk livleg. Det er hyggeleg å møte dansarar frå resten av Valdres, og artig å danse så mange i lag.

Vi drog heim etter eit svært vellykka arrangement, noko vi har fått fleire tilbakemeldingar på, og det gjev god motivasjon til å halde fram med dansen. Og viss fleire har hug til å bli med, går dansen kvar tysdagskveld kl. 17.45 i Spegelsalen på VBU.

Med helsing frå Vang gla'dans
v/ Ingunn H.
Foto: Stein Dieserud



Brøyting – vetraøpin veg over Filefjell (del 1)

Tja, ko æ no vetraøpin veg over Filefjell? Frå gamalt so va det veret so stengde folk inne. Va veret lageleg so tok dei se fram um det va sol, regn enn snø. Dei kunna gå på føto enn på skio, enn bruke hest te o ri på, enn mæ kjerre o sumarn o slee o veten. Men snøstorm sette den tie ogso ein stoppar før ferdsel.

Fotograf Kåre Hovland har skrive om Margaretastova på Filefjell, fjellstova frå 1300-talet: «til benyttelse for Reisende udenfor Bondestanden og ingenlunde til Brug for Bønder i nogen slags Maade». Men det var mindre fornemme hus til bøndene like ved. Kåre fortel at det frå inngangen til 1100-talet finns kjelder om overnatting på fjellovergangar, bl.a. «Helge Ivarsons salustove på Filefjell».

Vegvedlikehald var frå gamalt av eit åk lagt på bondestanden sine skuldrar. Det finnst enno nokre få gamle rodesteinar med navnet til garden, som er take vare på. Så kom etter kvart Staten med Statens vegvesen (SVV) inn og tok over oppgåver, eller administreringa av desse. Store snøfresarar, vegskraper og ein del lastebilar vart innkjøpt og bemanna av Vegvesen-mannskap. Mannen med sykkel og spade/krafse, vegvoktaren, var og ein heil- eller deltidsansatt i Vegvesenet. Men svært mykje arbeid vart og bortsett til private. Då bilen kom, vart det større behov for brøyting på vinteren, men og utbetringar for sommartrafikken.

Eg kan hugse at på flata ovanfor innkjøyringe til Nørsvinsvegen i Heensgardo, var det ei stikkrenne som var delvis tett. Om våren og ved mykje regn rann vatnet over vegen, og når nokre bilar hadde passert, var det så sølut og sleipt så dei måtte hogge kratt og småbusker og legge i vegen for at mjølkebilen og andre skulle koma over. Det var ikkje så mange kjøretøy i farta den tide, 1960/61. Men eg hugsa spesielt at min navnebror – Ivar B Hemsing, som var snikkar og budde med familien i Brekkeskulehuset – kom på motorsykkel med gråbleik Bergans på ryggen. Han skulle på butikken. Sykkelen spann seg så djupt ned i søla så Ivar fekk ikkje sykkelen opp åleine. Han kom og spurde far om hjelp. Eg, som var berre smågut, måtte naturlegvis få vera med og sjå på.

Eg hadde mine tre fyrste skuleår på Åsvang, 61-64. Hugsar at vegen på rettstrekka ned for kyrkja var stengt på grunn av snødrev. Mange karar var med og måka eit spor midt etter vegen, slik at Basse – Nils O Wangensteen – kunne klare å bryte seg gjennom med brøytebilen. På 70-talet kjøpte så Vang kommune ein brukt Fordson Power Major traktor med Viking snøfres framme og Volvo hjelpemotor bak, til bruk ved slike anledningar etter fylkes- og kommunevegane.

Noko av det eg fortel om her kan du sjølv finne på nett: I storm og snøføyk på Filefjellet av Kristin Ese, frå historia til Oslofirmaet Colbjørnsen & Co, eller Norsk vegmuseum (NVM Fåberg, Lillehammer), Kjøretøyhistorie fra Valdres, OA – Anne Bang Fossberg. Elles fortel eg frå samtaler med



1934-modell Federal lastebil er hjelpebil foran lastebil med rømmingsplog i 1935



Filefjell-gubben i aksjon vinteren 1936 – 37. Sjåfør Nils Frøsaker tar seg en røyk på panseret.



Lastebil med plog og Kègresse belter på Filefjell februar 1936

enkeltpersonar og nokre egne minner.

Kristin Ese fortel: Maristuen Hotell hadde allereie i 1935 kontrakt med Vegvesenet i Sogn og Fjordane om vintervedlikehald med hest opp til fylkesgrensa. Slik var det ikkje på Opplandsida av grensa. I 1935 møttest så vegsjefane i desse to fylka og drøfta vinteropen veg over Filefjell. Dei vart einige om å brøyte frå 1936, då det ikkje var eigna materiell enno på Sognesida.

I Valdres var det den tida bedrifter med transport/rutekjøyring som hadde brøyting som krav i konsesjonsvilkåra. Det som skjedde no var at Jotunheimen og Valdresrutene Bilsekskap tok kontakt med firmaet Colbjørnsen & Co for levering

av ein stor lastebil. Ein FVD på 4,5 tonn, frå Wisconsin i USA, som ifølgje leverandøren var den til då kraftigste bilen i Norge. Den fekk etterkvart navnet Filefjell-Gubben. På Sognesida var det Vegvesenet sjølve som kjøpte ein Citroen P107 med hjul framme og stålbelter bak som vart kalla ein traktorbil. Kanskje kom bilvalget av di eigarane på Maristøga og Bjøberg Fjellstøge i fleire år hadde kjørt vinterturistar over fjellet på ubrøytt veg med ein liknande bil, Citroen-Kegress. Vinteren 1936/37 var dermed fyrste år ein høgfjellsovergang var open, ser eg Colbjørnsen & Co skriv. Det var nok ein heldig vinter. Det var storm og stengt frå jol til nyttår, og frå midten av januar til fyrst i februar. Resten av tida var vegen farbar. Vinteren 1937/38 starta bra, men frå mars fram til 17. mai var det berre få dagar i månadskifte mars/april det var ope. Når så bilen med

plog skulle opne attdreie veg, måtte det til mange mann med spade for å måke slik at ploget kunne truge seg fram.

Statens Vegvesen (SVV) forstod at her måtte det grøvre utstyr til. Eg les at dei anskaffa ein roterande plog og at i januar 1939 kom det ein Peter snøfres som vart stasjonert ved Nystøga, sikkert då ved Varden brøytestasjon, der det var både garasje/verksted og husvære for mannskap. Denne fresen skulle so ta opp vegen når snø og vind hadde stengt. Våren 1940 skulle den vera med og ta opp Hemsedalsfjellet, men godt i gang vart det motorstopp og i krigstida var det vanskeleg med deler. Den stod visst midt i vegen og var for tung å fløta på. Dermed måtte dei bygge vegen rundt for å koma fram den sommaren.

Krigsmakta hadde med fleire slike til Norge. I ettertid stod det att ca 30

maskiner som var i bruk av SVV heilt inn mot 70-åra. Alfred Hermundstad fortalde meg at han hadde mange timar i slik fres.

Peterfresen var konstruert og bygd av Konrad Peter AG fra Sveits. Den hadde to V8 bensinmotorar, kvar på 75 Hk og med aggregat, og straum framdrift på beltene, vekt nesten 12 tonn. Dei tyske styrkar hadde i krigsåra store behov for brøyteutstyr. Peterfresen vart difor lisensbygde av utstyrproduzenten Schmidt i Schwarzvald og andre plassar i Tyskland, og på bilfabrikken Laffly i Frankrike. Nokre av dei som stod att her i landet vart ombygde, bl.a. hjå Øveraasen på Gjøvik. Dei fekk dieselmotor og hydrostatisk framdrift. Meir om brøyting og anna vintervedlikehald over fjellet kjem i neste utgåve.

Ivar Hemsing

Foto: digitaltmuseum.no, Norsk vegmuseum og AS Jotunheimen og Valdresruten
Bilselskap 90 år jubileumshefte

Tjuven

Ein førjulskveld tidleg på 60-talet sit eg i stova til Johanne og Ole Aastad i Vang. Eg er ute for å selja julekort og julehefter, og her på Neset rekk eg over mange hus på stutt tid. Neset er ein liten landsby på denne tida, med bustadhus, ysteri, samvirkelag, snikkarverkstad og posthus. Overskotet av salet går som regel med til å kjøpe julegaver på Jotunheim samvirkelag.



Jau, det blir handel med Johanne. Ho er Vang sin største kjendis med ein karriere som profesjonell skihoppar i Amerika bak seg. I eit skåp skin det i store pokalar, og på bordet står ein bolle med julekort og brev, mange med flotte, utanlandske frimerke.

No har det seg slik at eg samlar på frimerke. Alle frimerke som kjem i huset heime hamnar i albumet mitt. Eg er difor svært interessert i dei store, fargerike amerikanske frimerka som Johanne har. Det klør i fingrane etter å sjå på merka, men å spørja om det, torer eg ikkje.

Servering må eg ha, og då Johanne er på kjøkenet ein tur, nyttar eg høvet til å sjå nærare på breva. Eg legg merke til at eitt av merka har eit laust hjørne, og før eg veit ordet av det har eg lirka av

frimerket uskadd. Brevet legg eg fort attende under dei andre breva.

Etter ei stund takkar eg for meg. Med rattkjelken i eit tau bak meg, tek eg fatt på dei tre kilometrane med motbakke heim att. Gledesrusen over det store frimerkekuppet minskar snøgt, og i staden veks anger og skamkjensle. Det er ikkje mogeleg å nekte, no er eg ein tjuv.

Det er ikkje slik at tjuveri er noko eg driv med. Både heime og på skulen har vi lært at å stela er simpelt og skammeleg. Det lengste eg har drive det til er ei handfull rosiner frå skåpet til mor ein gong i blant. Men dette er verre, eg har stole frå snille folk som trur berre godt om meg. Dersom dette hadde vore ei forteljing i Søndagsskolebladet, hadde nok lesarane venta at dette var

fyrste steg på vegen til eit liv i synd og tjuveri. Så kom Jesus til slutt og omvende meg, og snipp, snapp snute så enda det godt. Vel, heldigvis så kvalde eg forbrytardensane i starten, så slik gjekk det ikkje.

Frimerket vart sett inn i albumet saman med dei andre, men eg greidde aldri å gleda meg over det. Denne hobbyen vara ikkje så lenge, og frimerkealbumet vart lagt til side og gløymt. Dersom Johanne sine etterkomarar no kjem og gjer krav på frimerket, skulle dei så gjerne ha fått det. Men albumet er blitt borte, saman med utklyppsboka med sportsbilder og mange andre ting eg saknar frå barndomen.

Men minnet om frimerketjuveriet er ikkje blitt borte.

Ola Heensåsen

Haust og vinter

på biblioteket og frivilligsentralen

Hausten i år har gått like fort som hausten pleier å gjere. Det er vel også slik vi likar det. Og snart kjem julehøgtida og vi roar tempo litt.

Frivilligsentralen held stengt veke 52 og 1. Biblioteket har opne bibliotek 22., 23., 29. og 30. desember kl. 10-14. No i desember har vi sett fram ymse til juleverkstad på laurdagane. Dette blir også sett fram dagane rett før jul og i romjula. Kom og lag armband, bilde med silkepapir, perlefigurar og mykje meir.



Biblioteket har tradisjon tru hatt barnebokbad, i år vart Audhild Solberg bokbada av 6. trinn om boka Harpa. Ordføraren, 5. og 7. trinn var med som publikum. Det var haustutstilling med Jim Darbu sine skulpturar inspirert av teikneseriar, og elevar frå VBU fekk møte kunstnaren og oppleve utstillinga saman med han. Marianne Isachsen samla folk til lesesirkel, forfattarbesøk av prisvinnande Aslak Nore og verk-tøykveld med Valdresmusea. Den årlege



Scan koda for nyheitsbrev!

bokkvelden var som vanleg den første onsdagen i desember. I år hørde vi om budeier frå Inger Marie Vingdal, Dominik Schmidt-Philipp underheldt på klassisk gitar og til slutt delte ordføraren ut prisen til årets positive vangsgjelding.

Nytt på biblioteket framover

Etter mange år med dei same opningstidene utvidar vi no med 8 timar i veka. Opningstidene frå 2. januar 2026 blir: måndag og tysdag kl. 15-19, onsdag, torsdag og fredag kl. 10-16 og laurdag kl. 10-14. Frivilligsentralen held framleis lokala opne måndag og tysdag 11-15. No blir biblioteket tilgjengeleg 30 timar i veka.

Saman med Pensjonistlaget kjem vi i 2026 til å invitere til foredrag om samfunn og politikk, kunst og kultur, historie, medisin og helse. Vi har teikna abonnement på foredrag frå SeniorUni, som viser 45 minuttss foredrag digitalt. Foredraga kjem til å bli opne for alle; viss du er interessert i temaet er du er hjarteleg velkomen, sjølv om du ikkje er pensjonist.

I fjor opna vi opp mellom galleriet og fagavdelinga, i desember i år har vi fornya oss i litt mindre målestokk. Mange heng frå seg jakka og tek av skoa i gan-



gen, det likar vi godt og tolkar det som at folk kjenner seg heime og vel på biblioteket. For at det skal bli litt enklare har vi laga til ei garderobeløysing og plass til å sette frå seg sko. I ungdomsavdelinga er det kome ein stor, ny sofa som vi håpar blir godt motteken av dei som kjem innom hjå oss. Barneavdelinga har fått si eiga lesehule der ungane kan krype inn og gøyme seg med ei god bok. Alt dette gjorde vi etter at menighetsbladet gjekk i trykken, så du må kome innom oss eller vente til neste nummer for å sjå kor fint vi har laga det til.

Vi har sett opp ei eigen hylle med berre engelske bøker. Her finn du bøker for barn, ungdom og vaksne. Det er litt gammalt og litt nytt, noko fagbøker og noko skjønnlitteratur. I tillegg bestiller vi inn små boksamlingar på andre språk frå Nasjonalbiblioteket. Spør oss gjerne om du har ønske om nokon særskilt.

Visste du at vi har 9 aviser og 13 tidskrift?

Vi abonnerer på ni trykte aviser som du kan kome og lese hjå oss. Det er avisa Valdres, Oppland arbeiderblad, Aftenposten, Dagsavisen, Nasjonen, Morgenbladet, Klassekampen, Sogn Avis og Klar tale. Vi beheld avisene ca ei veke før dei går i papirdunken.

Tidsskrifta våre famnar om mange tema: Illustrert vitenskap, Kamille, Bonytt, I form, Vagabond reiselyst, Samler & Antikkbørsen, Vi over 60, Norsk barneblad, Blikk, Pensjonisten, Kamille, Ren Mat og Lev landlig. Nyaste tidsskrift finn du i hylla og kan lese medan du er her, eldre utgåver kan du låne med deg heim ei veke om gongen.



Generasjonstreffet i oktober var det fyste med kyrkjelydspedagog Anne Mette Thoresen, som starta opp i vår.

Ho løyste dette flott på sin eigen måte, både med song og vers. Saman med Alistair på piano vart det også denne gongen eit triveleg treff som gleda både dei små og dei eldste. Neste treff blir 20. januar.

Nye sterk og stødig-instruktørar er på plass! Berit Nefstad, Kine Kvannefoss, Grete Sætrang og Sølvi Havro fullførte kurset i haust, og tre av dei er allereie i gang og har prøvd seg både på Åsvang og i Øye. Det er heilt utruleg at me no har ein gjeng på 9 (!) frivillige instruktørar i Vang, men det trengs jammen, for det deltek langt over 50 stk på desse to gruppene. Me er kjempeimponert!



Møteplassen på Saras kafé i oktober samla 35 stk. På programmet var det nyheiter frå Vang kommune om lokal beredskap og nasjonal beredskapsveke, samt TV-aksjonen og seniortreffet som vil starte opp i januar. Valdresspelet var spesielt invitert denne gongen for å fortelja og vise bilete frå forestillinga i Gardalen i august. Edith Helle som var frivillig-ansvarleg presenterte ein powerpoint laga av Ragnhild Lund med både filmsnuttar og bilete. Med sitt rolige vesen tok Edith oss med på ei reise frå tidleg vår med opprigg og dugnad, til avsluttande applaus frå publikum ved sceneslutt. Eit imponerende arbeid med utallege dugnadstimar. Her var det lov å applaudere på nytt! Sara serverte oss kyllinggryte med tilbehør,

samt dessert og kaffe. Det var skryt av både mat, stemning og program då me avrunda stunda.



Årets TV-aksjon er vel overstått - tusen takk til alle som har engasjert seg og alle som har gitt!! Områdeleiarane og bøsseberarane har sørga for at alle hus har fått besøk, over 60 personar har sendt inn døropningsbilder som 15 servicebedrifter støtta med kr 2500,- kvar. Fleire andre bedriftene har også gitt, og VBU arrangerte FN-konsert med støtte til aksjonen. Til saman kom det inn kr 195.275,- frå Vangssamfunnet som gav oss ein 30. plass nasjonalt og ein 3. plass i Innlandet fylke.

Frivilligsentralen set stor pris på å få delta i dette viktige arbeidet, det gir kunnskap og perspektiv, og vi kjem i kontakt med mange engasjerte folk. Funksjonshemma er verdas største minoritet og har det ekstra vanskeleg der det er krig og fattigdom, så det er veldig fint å kunne bidra til å gi oppmerksomheit og pengar til ei god sak som Altas-alliansen.

Digi-hjelp vil de også få i 2026. Me held fram med å besøke dei naturlege møteplassane i Vang, så berre følg med framover!

Sjakktreffa på biblioteket starta med godt oppmøte i haust, men har dabba litt av. Og eigentleg bør folk nytte sjansen, for her kan du møte på ein høgt rangert sjakkspelar som bur i Vang! Rune Kleiven Rynning deltok i haust på Fagernes International Autumn 2025

i det tøffaste feltet, med ranking over 2000 poeng. Rune jobbar på Vang barne- og ungdomsskule, og er ein av eldsjelenesom har dratt i gang sjakktreff på biblioteket. Her treng du ikkje vere stormeister for å møte opp, sjakktreffa er for absolutt alle som er interessert i sjakk. Og det er jo litt ekstra morosamt når du kan få bryne deg på, og kanskje få nokre tips frå ein proff.

Kvart treff blir lagt inn i foreiningsportalen og plakatar blir hengt opp rundt om, så berre følg med!

Seniortreffet kan de lese om i brosjyra som ligg ved Menighetsbladet denne gongen. Alle dei frivillige har hatt ein kursdag, vorte kjent i lokala som skal nyttast, og laga ein månadsplan for januar. Her er det påmelding frå gong til gong, så det kan vere lurt å vere ute i god tid. Me gler oss og er spente på korleis dette tilbodet blir motteke!

Vinterutstyr er på plass i BUA, samt skøyter og truger i Ryfoss



Me har hatt stordugnad i BUA, der vinterutstyret kom fram; akeutstyr, ski, truger og andre fine friluftsting som alle kan låne, heilt gratis! Me har fått spørsmål om å låne ut truger på Joker i Ryfoss, og har derfor kjøpt inn to par som blir til utlån der, i tillegg til skøytene som me har hatt over fleire vintrar.

Helsing Marte og Marianne



Thor Østbye

Førjulsmoro med julegrantenning og graut på Drenkestøga

Drenkestøga var nok ein gong fylt til randen, med om lag 50 store og små, i forbindelse med årets førjulsmoro og julegrantenning, tysdag 2. desember. Mange takk til Vang sokneråd som står for denne flotte markeringa av at adventstida er i gang, og som diskur opp med julegraute til dei besøkande. Sokneprest Ingebjørg bidrog med juleforteljingar og drog igang julesong og vandring rundt juletreet. 5-åringane var spesielt invitert, men arrangementet var og ope for alle som ville. Dette har vorte ein hyggeleg tradisjon – og mange takk til alle som møtte opp!

Tekst og foto: Silje Hammerstad

Foto: Kristin Bakke Lajord



Vang skule- og ungdomskorps starter opp igjen!

Vang skule- og ungdomskorps er i oppstartsfase att med pr. idag fire medlemmer. Den 16. november var dei ilag med Vestre Slidre skulekorps og Valdres Brassband Junior i Slidre på seminar. Der øvde dei heile dagen, kosa seg med pizza og frukt mellom øktene før det var ein flott hentekonsert kl 15.00. Korpsmedlemene hadde ein super og lærerik dag og fekk spele i storkorps denne dagen. Dei treng fleire medlem, så om du har ei korpspire i magen er det berre å møte opp kl 14.45 på onsdager. Du finn dei på musikkrommet, VBU.

Bildet viser Ea Kjølrien, Mie Tvenge Leirhol, Reidun Porten, Tiril Lajord, Kristoffer Tvenge Leirhol



Jorunn Trøen



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	NTH	90 05 98 50
Alle gode ting er tre	48 09 59 48	Pelssau	99 71 43 18
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	TK-Bygg AS	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Filefjellsenteret	61 36 77 17	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Tyinlam	99 46 61 15
Grindaheim Bygg &		Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang lagerhotell	90 75 00 27
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Jotun Bygg	99 69 06 30	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Rør	99 52 22 22
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68



*Slekters
gang*

Høre:

Død:

15.11: Kjell Leithe

01.12: Marie Kristine Thune

Vang:

Død:

14.10: Tor Jørstad

Kondolanseskort

Kondolanseskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger ´n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolanseskort

Kondolanseskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

Årsmøter i soknerådene:

- 21.01.26 kl. 19:00** – Årsmøte i Øye Sokneråd i Kulturstøga
10.02.26 kl. 18:00 – Årsmøte i Høre sokneråd i Høre Samfunnshus
18.02.25 kl. 19:00 – Årsmøte i Vang sokneråd i Vang kyrkje
15.03.25 kl. 19:00 – Årsmøte i Heensåsen sokneråd i Heensåsen kyrkje.

Siste nytt om bustadrettleiing

Bustadrettleiing skal bidra til at kvar enkelt innbyggjar blir klar over moglegheitene sine og kan ta gode val med tanke på bustad. Vang kommune sender ut brev med tilbod om bustadrettleiing. Tilbodet er i tråd med stortingsmeldinga «Bu trygt heime». Det har kome forslag til statsbudsjettet om at privatpersonar kan få tilskot til å oppgradere eller tilpasse eigen bustad og gjere bustaden

meir aldersvennleg. Statsbudsjettet er ikkje vedteke enno. Vi tilrår å følgje med i denne saka.

For meir informasjon, eller om du ynskjer bustadrettleiing, kan du ta kontakt med: Joanke Tito, tlf. 954 04 279, eller vende deg til sentralbordet på 61 36 94 00.

Joanke Tito, rådgjevar
Helse og omsorg, Vang kommune

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 250,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år


Trykkes i 900 eks. fullfarge.



FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
26. FEBRUAR

Gudstenester og andre arrangement

Dag	Dato	Dag i kyrkjeåret	Sted	Klokkeslett	Gudsteneste/arrangement
Måndag	15. desember		Vang kyrkje	19:00	Vi syng og spelar jula inn saman med Høre Mannskor med fleire
Onsdag	17. desember		Heensåsen kyrkje	19:00	Vi syng og spelar jula inn saman med Vangskoret og Fjellblom
Sundag	21. desember	4. søndag i advent	Høre stavkyrkje	19:00	Vi syng og spelar jula inn saman med Høre Mannskor
Onsdag	24. desember	Julaftan	Høre stavkyrkje	11:00	Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab
Onsdag	24. desember	Julaftan	Heensåsen kyrkje	13:00	Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab
Onsdag	24. desember	Julaftan	Øye kyrkje	15:00	Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab
Torsdag	25. desember	1. juledag	Vang kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab
Torsdag	25. desember	1. juledag	Vangsheimen	13:30	Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab
Fredag	26. desember	2. juledag	Vang kyrkje	12:00 - 15:00	Open kyrkje v/kyrkjelydspedagog Anne Mette Thoresen
Onsdag	31. desember	Nyttårsaftan	Vang kyrkje	17:00	Nyttårsmesse v/vikarprest
Laurdag	3. januar		Høre samfunnshus	13:00	Høre sokneråd inviterer store og små i Vang til julefest
Sundag	11. januar	2. s. i openberringstida	Heensåsen kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab. Kyrkjekaffi etter gudstenesta
Onsdag	14. januar		Vang kyrkje	10:30	Morgonsong
Onsdag	14. januar		Vangsheimen	13:00	Andakt
Sundag	18. januar	3. s. i openberringstida	Høre stavkyrkje	19:00	Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland og stab
Tysdag	20. januar		Fjordstøga, Vangsheime	11:00 - 13:00	Babysong og generasjonstreff
Onsdag	21. januar		Kulturstøga i Øye	19:00	Hverdagsmesse v/sokneprest Laugaland og årsmøte i Øye sokneråd
Laurdag	24. januar		Vang kyrkje	18:00	Piano- og fiolinkonsert med organist Kateryna Persysta og fiolinist Kari Knudsen
Sundag	25. januar		Drengestøga	12:00	Trusopplæringsstiltak: Alle 6-åringar som fikk 6-årsboka i 2025 inviteres til mat og en hyggelig stund på Drengestøga sammen med kyrkjelydspedagog Anne Mette
Sundag	25. januar	4. s. i openberringstida	Vang kyrkje	16:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab
Onsdag	4. februar		Vang kyrkje	10:30	Morgonsong
Fredag	6. februar	Samefolkets dag	Øye kyrkje	19:00	Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab. Øye sokneråd inviterer til feiring av samefolkets dag i samband med gudstenesten. Følg med på foreningsportalen og kyrkja i Vang sin facebook-side for mer informasjon om arrangementet
Tysdag	10. februar		Høre samfunnshus	18:00	Årsmøte i Høre sokneråd
Sundag	15. februar	Fastelavnssøndag	Heensåsen kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab. Kyrkjekaffi etter gudstenesta
Onsdag	18. februar	Askeonsdag	Vangsheimen	13:00	Andakt
Onsdag	18. februar	Askeonsdag	Vang kyrkje	19:00	Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland og stab. Årsmøte i Vang sokneråd eter kveldsmessa
Torsdag	19. februar		Drengestøga	11:00 - 13:00	Babysong
Sundag	22. februar	1. søndag i fastetiden	Høre stavkyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab
Sundag	1. mars	2. søndag i fastetiden	Vang kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab
Fredag	6. mars	Kvinnenes internasjonale	Høre stavkyrkje	19:00	Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland og stab. Høre sokneråd inviterer til bingo i Høre samfunnshus etter gudstenesta
Sundag	15. mars	4. søndag i fastetiden	Heensåsen kyrkje	19:00	Kveldsmesse v/vikarprest. Heensåsen sokneråd inviterer til årsmøte etter gudstenesta
Sundag	22. mars	Maria budskapsdag	Øye kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab
Tysdag	24. mars		Fjordstøga, Vangsheime	11:00 - 13:00	Babysong og generasjonstreff
Onsdag	25. mars		Vang kyrkje	10:30	Morgonsong
Sundag	29. mars	Palmesundag	Vangsheimen	11:00	Andakt
Sundag	29. mars	Palmesundag	Haukåsen	13:00	Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og stab



Valdres
SPAREBANK

- har sponsa utgjevinga av denne utgåa av
VANG MENIGHETSBLAD

